

Haramsøy Småbåtlag

VEDTEKTER

§1 FORMÅL

Laget sitt namn er Haramsøy Småbåtlag. Laget har til formål å skaffe medlemmane permanente båtplassar, arbeide for ei god hamn og halde anlegget i god stand, samt skipe til samkomer med foredrag, diskusjon etc. for laget sine medlemmer.

§2 STYRETS SAMMENSETNING

Laget vert leia av eit styre som er samansett av 9 personar.

Av desse skal det veljast ein person til kvar av fylgjande funksjoner:

1. Leiar
2. Nestleiar (stedfortreder når leiar ikkje er til stades)
3. Kasserar (ansvar for budsjett og rekneskap)
4. Skrivar (syter for protokollføring og signering, samt god møtepraksis. Skrivar har dokumentasjonsansvaret for styresaker.
5. 5 styremedlemmer.

Leiaren skal veljast av årsmøte særskildt. Årsmøte vel også dei andre medlemmane av styret. Dei som vert valde må vere medlemmer i laget.

Styret konstituerer seg og vel kven av styremedlemmane som skal ha dei andre funksjonane.

§3 STYRETS PLIKTER

Styret syt for alle forretningar, ivaretek laget sin økonomi, kallar saman til møter og legg fram for årsmøte utgreiing om laget si drift, samt rekneskap og årsmelding for det år har gått. Og plan for kortsiktig, og langsiktig vidare drift

Styret handsamar saker som vert framlagde av medlemmar for vidare handsaming av årsmøte. Slike saker må vere styret i hende seinast 14 dagar før årsmøte vert halde, og tatt med på årsmøteinncallinga. Styremøter vert halde så ofte som formann finn det turvande.

For at styret kan taka avgjerder må minst halvparten frå styre vere tilstades.

Ved stemmelikheit avgjer leiaren si stemme utfallet.

§ 4 ÅRSMØTE

Det vert halde ordinært årsmøte kvart år innan utgangen av februar.

Årsmøte skal samankallast med 14 dagars varsel.

Årsmøte sine avgjerd vert vedteke med simpelt stemmefleirtal.

Forslag om lovendingar må ha 2/3 fleirtal av dei frammøtte.

Årsmøtet handsamar:

1. Årsmelding
2. Rekneskap
3. Fastset storleik på avgifter og lån/innskot frå medlemane.
4. Val på: Styre og styreleiar. Styret konstituerer seg sjølv.
5. Val av valnemd på 3 personar.
6. Forslag innlevert skriftlig til styret innan frist skal takast opp som sak på årsmøtet.
7. Kun saker annonsert på saksliste blir behandla på årsmøtet, slik at medlemmane kan førebu seg på saker som skal takast opp på årsmøtet.

Styremedlemane vert vald for 2 år, leiar for eit år om gongen.

§ 5 ÅRSAVGIFTER

Årsavgifter vert betalt pr. kalenderår og innan forfallsfristen. Medlem som mislegheld sine økonomiske pliktar overfor laget, og ikkje gjer opp skuld til laget utover ein periode på 1 kalenderår, kan av styret ekskluderast som medlem utan nærare varsel.

§ 6 MEDLEMSSKAP

Alle medlemane i laget skal betale ei fast årleg medlemsavgift. Medlemskapet gjeld både enkeltmedlem og familiemedlemer. (ektefelle/samboar). Beløpet er likt. Eit familiemedlemskap gir rett til ei stemme. Eit familiemedlemskap gir lik rett til båt plass.

Medlemer som har båt plass skal i tillegg betale plassavgifter. For å få tildelt fast båt plass, må medlemmane yte et rentefritt lån/innskot til laget. Laget disponerer desse midlane fritt inntil 3 månader etter at skriftlig oppseiing ligg føre. Når alle mellomverande mellom partane er oppgjorde, skal tilgodehavande seinast innan 3 månader betalast attende til medlemen / medlemmens familie. Ordinært medlemskap må ha bustadsadresse 6290 Haramsøy og har stemmerett på årsmøte. Personer utan bustadsadresse 6290 Haramsøy, kan kun leige båt plass, då på åremål. Utan innskot, men med andre leigeprisar.

Reglane har ikkje tilbakevirkande kraft.

Ansinitet vert rekna frå dato for innbetalt medlemskap.

Inn- og utmelding til/frå laget skal vere skrifteleg og sendast til styret. Styret avgjer om medlemskap kan godkjennast. Ved avslag kan søknad påklagast til årsmøte.

§ 7 BORTGANG

Ved dødsfall kan båtlassen overførast til ektefelle/ barn etter gjeldende takster og regelverk.

§ 8 EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Styret kan om dei finn det nødvendig, eller når minst 25% av medlemane ynskjer det, kalla saman til ekstraordinært årsmøte. Ei slik innkalling skal utlysast med 14 dagars varsel.

§ 9 ORDEN

Medlemar som er til forarging, som oppfattast å vere til skade for laget eller ikkje rettar seg etter laget sine lovar og reglement, kan av styret suspenderast og i grovare tilfelle ekskluderast. Denne avgjerda kan av vedkommande ankast inn for fyrste årsmøte. Eit medlem som vert ekskludert missar samstundes retten til eventuell båt plass som laget rår over.

§ 10 EIGEDOM

Fast eigedom eller bygg som Haramsøy Småbåtlag eig kan ikkje avhendast til privatpersoner eller foretak, hverken ved salg eller bygsling.

Med mindre det blir gjort vedtak på 2 ordinære årsmøter.

§ 11 VEDTEKTSENDRINGAR

Endringar i vedtektene blir ikkje gjeldande før etter neste ordinære årsmøte.

§ 12 OPPLØYSING AV LAGET

Laget kan verte oppløyst berre når dette vert vedteke på ordinært årsmøte med minst $\frac{3}{4}$ fleirtal når minst 25% av medlemmane er til stades. Når ei slik sak vert handsama i styret, kan medlemar som er lovleg hindra frå å møte gi skriftleg votum til styret.

Etter at det er teke avgjerd om oppløysing av laget, vert styret sitt forslag om likvidasjon handsama, og forslaget vert avgjort med alminneleg stemmefleirt

24/2-2020

Dato

Geir Austen

Leiar

Olthustun

Nestleiar

